

Hindenes og Åsgard Grendalag
v/ styret

Lindås Kommune
Hordaland Fylkeskommune – Samferdselsavd.

Hindenes,220315.

Handlingsplan fylkesveg 395 – parsell Vassel i Lindås Kommune.

Viser til vedlagte utdrag frå møtereferat Lindås Kommune av 220909 –
Handlingsprogram 2010-2013 for Fylkesvegnettet i Lindås Kommune.

Bygdene Bjørge – Eidsheim – Åsgard og Hindenes har sidan om lag 1980 og fram til i dag hatt ei svært positiv utvikling med tanke på nyetableringar/auka folketal. For å synleggjera dette er det for eksempel pr. i dag naudsynt med ein vanleg ”stor” buss for å kunna frakta skuleelevane til og frå Ostereidet Barneskule/Ungdomsskule. Dei aller fleste av desse elevane bur i nyetableringar i dei nevnte bygdene.

Imidlertid har familier som den siste tida har henvendt seg til Lindås Kommune med ønskje om byggja seg bolig i desse bygdene, fått negative svar. Dette har vore begrunna med at bygdene ligg i eit LNF område, **MEN også at vegen forbi Vassel er ueigna til meir trafikk, og at denne parsellen må realiserast før ein kan tillata meir busetting.**

Det siste var også begrunnelsen i forhold til Lindås Kommune sine forkasta forslag om nye bustadområde frå desse bygdene til Arealdelen av Kommuneplanen i 2011.

Vegen, slik den er i dag, er altså ueigna til meir trafikk – den er totalt utan sikring og svært farleg og vanskeleg for all trafikk.

Hindenes og Åsgard Grendalag ser det på denne bakgrunn som heilt naudsynt å be Lindås Kommune om å **intensivere prosessen med å realisere denne parsellen**. Me kan ikkje, i tillegg til det farlege, slå oss til ro med at all vidare utvikling av bygdene skal stansa opp på grunn av ein slik mangel..

Vegen er, slik me kjenner til, ferdig planlagt, og det blir for **Lindås Kommune/Hordaland Fylkeskommune å prioritera denne parsellen for ferdigstilling innanfor perioden fram til 2019.**

Det er i samband med dette også nødvendig å minna Lindås Kommune om Fylkesmannen sine retningslinjer for ”Spreidd utbygging i LNF-område” – her ligg det føringer for korleis kommuner i arealdelen av kommuneplanen skal leggja til rette for spreidd utbyggjing – det vere seg bolig, fritid og næring.

Me ber om å verta orientert om kva som er ”stoda” for denne parsellen pr. i dag, og om kva tiltak Lindås Kommune/Hordaland Fylkeskommune vil setja i verk for å realisere parsellen.

Med vennleg helsing

Hindenes og Åsgard Grendalag
Styremedlemmer

Vedlegg:

- Oversendelsesbrev Lindås Kommune – Hordaland Fylkeskommune av 220909
- Utdrag møtereferat Lindås Kommune m/ vedtak av 270809